

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.05.2019

Svein Halleraker (H) sette på vegner av H og FrP fram slikt fellesforslag:

«Alternativ:

Fylkestinget vedtek å gjeninnføre passasjerbetaling på fylkesvegferjene i kombinasjon med Autopass-systemet. Meirkostnad for bil som følgje av dagens gratisordning for personar, fell bort.»

Rasmus Laupsa Rasmussen (A) sette på vegner av A, KrF, Sp, SV, MDG og V fram slikt felles oversendingsforslag til administrasjonen:

«Misa ber administrasjonen arbeida vidare med å utgreia konsekvensane av ulike måtar å innføra passasjerbetaling, som skal vere klart til fylkesutvalet si handsaming av saka. Særleg ønskjer vi å utgreia alternativ 1 nærrare. Vi ønskjer ei oversikt over konkrete kostnader knytt til alternativ 1. Vi ber administrasjonen utgreie moglegheita for løysingar der ein kjøper kontrolltenester lokalt.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 10 røyster (A, KrF, Sp, SV, V og MDG) mot 5 røyster (H og FrP) for Halleraker sitt forslag, som fall.

Rasmussen sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt til administrasjonen utan realitetsbehandling.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkestinget vedtek å halda fram med implementeringa av AutoPASS-regulativet for fylkesvegferjene i Hordaland i tråd med tidlegare vedtak, utan at passasjerbetaling vert innført på nytt.